



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.04.2016

Vår ref.: 2015/13395

Arkivnr.: 311

Kommunane v/ordførar og rådmann

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kommunereforma - kommunestyra skal gjere endeleg vedtak

Dette brevet inneheld omtale og link til ei **momentliste** som kan vere til hjelp i saksutgreiinga fram til endeleg vedtak. I tillegg inviterer vi til **dialog** med kommunane om det avsluttande arbeidet med kommunereforma. Vi gir også ein oversikt over viktige **milepælar**.

Status i kommunane

Mange kommunar har brukt første delen av dette året til å ferdigstille utgreiingar, forhandle fram intensjonsavtalar og førebudd folkerøystingar eller spørjeundersøkingar. Samla sett har kommunane lagt ned mykje godt reformarbeid, men nokre kommunar har også ein del arbeid igjen. Det nærmar seg fort fristen 1. juli for vedtak i kommunestyra om framtidig kommunestruktur.

Inndelingslova seier at innbyggjarane bør høyrast før kommunestyret gjer eventuelt vedtak om ny kommunestruktur. I prosessen med kommunereforma meiner Fylkesmannen at dette også må gjelde for kommunar som vel å stå åleine. Det er opp til kommunestyret å velje høyringsmetode. Dette omtalte vi nærmare i vårt infobrev i august 2015.

Momentliste

Fylkesmannen kan i utgangspunktet ikkje gi kommunane ein fast mal for framstilling av endeleg saksutgreiing og vedtak, men det vil vere i alle si interesse at det er ein nokolunde lik struktur på dette. Vi viser til [Stortinget sitt vedtak](#) våren 2014, der kommunane blir bedne om å starte arbeidet med kommunereforma. Hovudmåla i kommunereforma, kriteria for god kommunestruktur og sentrale dokument frå til dømes kommuneproposisjonar, brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, rettleiarar og rapportane frå ekspertutvalet, vil vere viktige grunnlag for saksutgreiinga fram til endeleg vedtak.

Busettingsmønster, demografi, samferdsel, teknologi, arbeids- og næringsstrukturar har endra seg mykje sidan førre kommunegjennomgang. I denne utviklinga er kommunane viktige aktørar som også skal tilpasse seg for at innbyggjarane skal sikrast gode velferdstenester, demokrati og gode busettings- og næringsstrukturar i eit langsiktig perspektiv. Ein viktig del av saksførebuinga fram til vedtak blir difor å synleggjere potensial og utfordringar i kommunen dei neste 20-30 åra.

Vi har summert opp ei [momentliste](#) ut frå kva fleirtalet på Stortinget og regjeringa har sett som mål og kriterium for kommunereforma. Momenta i lista, som ligg på heimesida vår, vil «spegle»

Fylkesmannen si saksbehandling av dokumentasjonen frå kommunane i arbeidet med tilrådinga. Vi vil etter ein gjennomgang av kvar enkelt kommune og faktakjelder elles - til sist skrive vår tilråding om framtidig kommunestruktur i Rogaland - ut frå ei heilskapleg vurdering.

For å summere opp, ønskjer vi at alle kommunane omtalar følgjande punkt:

- Grunndata – korte fakta (innbyggartal, busettingsmønster, avstandar, kommunikasjon)
- Prosess
 - Organisering av arbeidet
 - Kva alternativ har vore diskutert – nabopratar
 - Type og resultat - innbyggjarinvolvering (folkemøte, folkehøyring,...)
 - Aktuelle intensjonsavtalar, kva blei valt
- Vurdering av kommunen etter dei fire hovudrollane
- Økonomisk status og utvikling

Den dokumentasjonen kommunane sender over, blir ei viktig kjelde i arbeidet med vår tilråding.

Dialog med kommunane

Fylkesmannen vil samarbeide tett med kommunane slik at vi i prosessen framover legg til grunn det same faktagrnnlaget. Vi vil også tilby råd og rettleiing i dei prosessane som er aktuelle fram mot endelege vedtak. Ei problemstilling kan vere grensedelingar/grensejusteringar.

Kommuneproposisjon 2017 og kommunereforma er tema på [samling for kommunane](#) den **31. mai**.

Viktige milepælar:

Tema	Dato
Kommuneøkonomisamling, Stavanger	31. mai
Endeleg vedtak om ny kommunestruktur	Innan 1. juli
Fylkesmannen si tilråding	Innan 1. oktober

Vi ønskjer dykk lukke til med reformarbeidet i sluttspurten fram mot 1. juli. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål til prosessen.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Anfinn Rosnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 80 - E-post: fmroaro@fylkesmannen.no

Kopi til:
Distriktssenteret
Fylkesmannen i Vest-Agder Postboks 513 4605 Kristiansand S
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen
KS Rogaland